

FØRESEGNER

REGULERINGSPLAN

DETALJREGULERING FOR KLETTEN HYTTEOMRÅDE
Gnr. 84, bnr. 1 og 2
FUSA KOMMUNE

Planid.: 1241201203
Plankart etter PBL §12-5
Vedtekter etter PBL §12-7

Innleiing

Føresegnene er utarbeida i samsvar med [plan- og bygningslova §12](#), og er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk . Reguleringsplanen omfattar areal som vist på plankart i målestokk 1 : 1000 datert 11.05.2016. Føresegner og retningslinjer datert 11.05.2016

• 1 Reguleringsplanen omfattar areal som vist på kart i Mål.: 1:1000 dagsett

- 1.1 Byggjeområde
 - 1121 Fritidsbustadar
- 1.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
 - 2011 Kjøreveg F
- 1.5 Landbruks- natur og friluftsområde
 - 5130 Friluftsføremål

• 2 Byggjeområde

Areal for fritidsbustadar

- 2.1 Bygningar kan oppførast i max 2 etasjar på grunnmur. Alle murar over 1m skal byggjemeldast. Takvinkel 8-42°. Dersom ein vel bratt takvinkel skal 2. etasjen inn i takverket. Bygningane skal sterkt tilpassast terrenget. Utgravne massar skal ikkje plasserast som ein flatevoll framfor bygningen. BYA for nye hytter 35 %. Max grunnflate 120m² + 15m² bodbygg.

Fellesområde

Vegar og snuplass

- 3 Vegen har reguleringsbreidde 5 m.
Vegen er felles for tomtane i området.

- 4 All parkering skal føregå på eigen eigedom.

- 5 **Fellesføresegner**
 - 5.1 Fritidsbustadane skal sterkt tilpassast terrenget m.a. utan opphøgd terreng.
 - 5.2 Kommunen skal ved handsaming av byggjemeldinga sjå til at eitkvart bygg får ei god form og materialval, og at bygg i same området får ei harmonisk utforming med omsyn til arkitektur og materialval og terrengtilpassing.
 - 5.3 Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jfr. kulturminnelova §8, 2 ledd.
 - 5.4 Tilkomst for rørslehemma skal leggjast til grunn for all utforming av bygningar og fellesområde. Minst 50% av hyttene skal ha utforma tilkomst for rørslehemma.
 - 5.5 **REKKEFØLGJEKRAV**
Ingen kan få bruksløyve/ferdigattest før bygningen er tilknytt privat vatn og avløp, og privat vegtilkomst med parkeringsplassar opparbeidd og bruksklare.

11.05.2016
Harald Bjørndal